



Sykkylven

## Merknader frå 1.gongs høyring og offentleg ettersyn

Plan:	Detaljregulering utleiehytte Kursetstranda, FTU3	
Dato	29.05.226	
Offentlege instansar		Kommentar
<b>Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (SMR)</b>		
<b>Strandsone:</b>		
<p>1. Ved detaljregulering vil det vere særleg viktig å sikre sjølve fjøra, sona som påverka av flo og fjøre, mot inngrep. Ut frå økologisk funksjon, naturmangfald, landskapsoppleving og allmenn ferdsel er dette svært verdifulle område. Det er i føresegnar og plankart skilt mellom utbyggingsområde (UTL) og blågrønstruktur (BG) i fjøresona. Sone BG ser ut til å vere forma med absolutt minimum i utstrekning gitt naturleg flo- og fjørepåverka område. Pkt. 2.5 i føresegna seier noko generelt om terrenghandsaming. Føringane har ordval som «så langt som råd», «mest mogleg», «i nødvendig grad», og «kan». Ordvalet opnar for stor grad av skjønn og ikkje reell styring av tiltak. Innfor område BG, går det fram av pkt 3.3.1 i føresegnene at det kan gjerast tiltak for å sikre mot stormflo og stormbølgjer. Vidare er det opna for å nytte maskiner innfor område BG, noko som kan vere svært øydeleggjande i denne smale sårbara sona.</p> <p>Generelt vurderer vi føresegnene som noko svake for å sikre mot terrenginngrep som kan ha øydeleggjande verknad inn i og inntil fjøresona. Det kan til dømes vere aktuelt å plassere hyttene heilt eller delvis på steinfylling, noko som vil gi utfordringar for visuell og praktisk tilpassing til eksisterande terreng. Vi rår til at føresegnene strammast opp for å sikre kvalitet i utbygging og ivaretaking av særleg sårbar fjøresone.</p>		<p>Det er gjort endringar i § 2.5 og 3.1.1 i føresegna for å gjere føresegna meir tydeleg i setningane på på kommenterte ordval.</p> <p>Fylkeskommunen skriv at det innanfor BG kan gjerast tiltak for å sikre mot stormflo og stormbølgjer og det at det kan nyttast maskiner innanfor BG kan vere øydeleggjande, då denne sona er sårbar. Slik kommunen vurderer det så er føresegna klar på kva og kvar tiltaket for sikring av stormflo og storm skal vere. Det kan støypast stø inntil 3 meter breidde med til kote 0,92 m rett framfor naustet på UNB. Her er det allereie støypt. Maskinene for vedlikehald kan gjerast framfor naustet (UNB) og på moloen (MO). Dette er område som i dag er gjort opparbeidingar og framstår ikkje som urørt i dag. Det er tatt inn at gravemaskin skal få tilkomst til desse områda via utbyggingsområdet og dermed ikkje via strandsona.</p> <p>Det er tatt inn i føresegna § 3.1.1 at tiltak innanfor byggeområdet inn mot strandsona (BG) skal opparbeidast på ein slik måte at det blir ein naturleg overgang til strandsona.</p>
<b>Vassdrag:</b>		
<p>2. Vi stiller spørsmål ved om det er naudsynt å legge bekken som har løp sør-aust i planområdet, i rør gjennom f_P1. Av føresegn 3.1.1 går det fram at det er opna for ein biloppstillingsplass per utleiehytte og ein plass for naust (8+1). Av vedlagt illustrasjonsplan ser det ut for å vere lagt til rette for 13 parkeringsplassar. Vi rår sterkt til å halde naturleg bekkeløp med kantsone ope gjennom planområdet, framfor å prioritere tilrettelegging av maksimal køyrbar flate i planområdet.</p>		<p>Kommunen er samd at hovudregelen skal vere at bekker skal ligge mest mogleg åpne og ikkje leggst i rør. I dette tilfelle så vurderer kommunen at det vil vere ein fordel at parkeringsarealet kan ta fleire biler enn kravet som er sett til ein bil per utleiehytte. Då legg ein betre til rette for at det er parkeringskapasitet for høver då det trengs og at ikkje det blir parkering langs kommunevegen.</p>
<b>Møre og Romsdal fylkeskommune (FK)</b>		
<b>Planfaglege vurderingar:</b>		
<p>Møre og Romsdal fylkeskommune rår til at Sykkylven kommune før endeleg vedtak sikrar at omsyn til strandsona, landskap og friluftsliv er tydeleg og konsistent ivaretekne i plankart og føresegnar, og at det er klar samanheng mellom utgreiningar og planen si rettsverknad. Dette er i tråd med krav til god planutforming og samordna arealforvaltning etter plan- og bygningslova §§ 4-2, 12-6 og 12-7, jf. § 3-1.</p>		Sjå kommentar til kommunen si fråsegn knytt til strandsona.
<b>Norges vassdrag og energidirektorat (NVE)</b>		
1. Fare for flaum er avklart. NVE har ingen merknader til tema flaum.		Takast til vitande
<p>2. Grunnforhold: Planmaterialet konkludera med at det ikkje er fare for utløyning av områdeskred. NVE tar dette til orientering. NVE har derimot fagleg råd om å revidere dokumentasjonen på berg i dagen, slik at denne er tydeleg og etterprøvbar: NVE skulle gjerne sett at dokumentasjonen på berg i dagen i dette planarbeidet hadde vore grundigare. Tydelege bilete, med eit tilhøyrande kart som kartfestar kor desse bileta er tekne vil kunne illustrere om berg i dagen er representativt for heile planområdet, og gjere vurderinga etterprøvbar. Sjå spørsmål og svar om kvikkleireveilederen spørsmål 6 for eksempel på enkel dokumentasjon av berg i dagen.</p>		Forslagnsstillar har tatt bilder og dokumentert kvar det er fjell i dagen i og ved planområdet. Oversikta viser at det er fjell i dagen spreidd jevnt utover planområdet og på motsett side av Kursetstrandvegen. Dette er illustrert i dokumentet "Oversikt over fjell i dagen i og nær planområdet FT3". Kommunen vurderer at dette gir ein god dokumentasjon at det er fjell i dagen som kan utelukke ustabile masser som kvikkleire.
<p>3. Skred frå bratt terreng er avklart. Etter varsel om oppstart har NVE oppdatert sine aktsemdkart for jord- og flaumskred, som no strekk seg over planområdet. Dette er fanga opp i planarbeidet og rapport er utarbeida. Rapporten konkluderer med at det årlege nominelle sannsynet for skred er mindre enn 1/1000. Krav om trygggleik er oppfytt.</p> <p>NVE har ingen merknad til denne vurderinga og tar dette til orientering.</p>		Takast til vitande

<p>4. Fjellskred: Delar av planområdet ligg i fareområde for både stormflo/havnivåstigning og flodbølge som sekundær verknad av fjellskred. Stormflo er vurdert som dimensjonerande fare.</p> <p>Planframlegget legg til grunn at kotehøgde 1.7 er dimensjonerande høgde for flodbølge som sekundærverknad frå fjellskred for Åkneset. Grunnlaget for dette er beskrive i planomtalen kapittel 6.21. I føresegna er det satt krav om at tiltak i tryggleiksklasse S2 skal byggast over kote 1.7, eventuelt skal bygget dimensjonerast for å tole sekundærverknaden av fjellskred. Fareområde for sekundærverknad av fjellskred er regulert inn med omsynssone H310.</p> <p>NVE har ingen merknadar til denne vurderinga.</p>	<p>Takast til vitande</p>
<p><b>Statens vegvesen (SVV)</b></p>	
<p>SVV merkar seg at det i planomtalen er ein intesjon om at parkeringslassane f_P1 og f_P2, samt avkjørslene frå kommunal veg, skal opparbeidast før nye utleigehytter kan byggast ut. I rekkeføljekrav 5.1 er det bere nemt parkeringsplassane. Det bør da også takast inn at dette også gjeld avkjørslene.</p>	<p>Lagt inn tilføyning om opparbeiding av avkjørslar i rekkeføljekrav § 5.1.</p>
<p><b>Mattilsynet</b></p>	
<p>Mattilsynet har gjennomgått planforslaget med tilhørande dokument og har ingen merknader når det gjeld vassforsyning. Våre innspel til varsel om oppstart av planarbeidet er ivarettatt.</p>	<p>Takast til vitande.</p>
<p><b>Private merknader</b></p>	
<p><b>Odd Hole/Anders Brunstad</b></p>	
<p>1. Same konsulent som har utarbeid planforslaget på vegne av tiltakshavar har utarbeida ROS-sjekklista og konkludert med at det ikkje trengs KU. Uavhengigheita sett ut av spel. Viser til habilitetsproblem etter forvaltningslova § 6 og god forvaltningsskikk.</p>	<p>Plankonsulent er innleigd for sine faglege kvalifikasjonar til å utarbeide planforslaget og lede planarbeidet. At det er same konsulent som utarbeider planforslaget og ROS-analysen vurderer ikkje kommunen som eit habilitetsproblem. Analysen gir ei oversikt og vurdering av tema og områder der det skal eller kan vere behov for ytterlegare utgreiingar i planarbeidet. Denne ROS-analysen er både til vurdering hjå kommunen før offentleg ettersyn og til sektormynde ved offentleg ettersyn. Her vil ulike faginstansar gå inn i sine tema å sjå om desse er tilfredstillande utgreia.</p> <p>Kommunen har i oppstartsmøtet for reguleringsplanen konkludert at det ikkje er krav om konsekvensutgreiing for planforslaget. Ingen bemerkning på dette har kome frå sektormynde.</p>
<p>2. Planen hevdar at arealbruken er avklart i kommuneplanen, men i realiteten vises det til eit planutkast som ikkje er vedtatt.</p>	<p>Det er presisert at arealbruken i pågåande rullering av kommuneplanen sin arealdel er fritids og turistformål. I denne prosessen er arealbruken avklart mtp at motsegner til området er trekt. Men det er riktig at kommuneplanen enda ikkje er vedtatt.</p>
<p>3. Plannavnet FTU3, navn frå ikkje vedtatt kommuneplan, gjev eit villedande inntrykk at arealbruken er avklart og godkjent i overordna plan. Ein NU-representant vil naturleg tolke dette som at FTU3 er eit vedtatt arealformål, ikkje eit utkast under arbeid.</p>	<p>FTU3 er navnet området har i pågåande kommuneplanprosess. Det er naturleg at plannavnet inneheld formålsbenedninga i kommuneplanen den referere til. I saksutgreiinga til NU før 1. gongs offentleg ettersyn er det eit avsnitt forklart at kommuneplanen framleis ser i prosess, samstundes om reguleringsplanen blir utarbeida. Dette er difor kjent for NU-representantane. Dette blir også tatt med i sakframlegget inn til politisk behandling for eigendokjening.</p>
<p>3. I reguleringsplanen er det stadfesta i planomtalen absnitt 5.7 b: "Det ligg ei gravrøys delvis innanfor planområdet, den skal i planen sikrast med omsynssone og arealbruk". Krev at arkeologisk registrering av heile planid 15282025003-området gjennomføres av kvalifisert fagparson og godkjennast av Riksantikvaren og fylkeskommunen før 2. gongs høyring.</p>	<p>Det ligg ikkje noko gravrøys innanfor planområdet. Det vart ikkje stilt krav om arkeologisk registrering av fylkeskommunen ved varsel om oppstart. Det er registrert ei ruin etter naust frå 1800-talet innanfor planområdet. Fylkeskommune ber om at denne blir dokumentert med foto så det kan gjerast ei vurdering av bevaringsverdien i planprosessen.</p> <p>I planomtalen er det vist bilete av murane og gjort ei vurdering av kulturminnet i kap 7.29. Fylkeskommunen har ikkje hatt merknader til dette ved 1.gongs høyring.</p>
<p>4. Geoteknisk undersøking for kvikkleire manglar, sjølvstendig stopp-argument som ikkje er omtala i saksframlegget</p>	<p>NVE har bedt om at berg i dagen blir dokumentert bedre i planen i samband med grunnforholdtema. Dette er gjort i dokumentet "Oversikt over fjell i dagen i og nær planområdet FT3".</p>
<p>5. Naboar som mista naustrettar i N4 som del av avtalen med Statsforvaltaren er ikkje varsla som høyringspartar</p>	<p>Omgjering av delar av N4 frå spreidd naust til LNF er ein del av kommuneplanprosessen. Evt. private naustrettar som er innanfor området er ikkje noko kommuneplanen tar bort.</p>
<p>6. PS 17/26 (reguleringssaka?) bør stansast inntil Odd Holes dispensasjonssøknaden (2.2.2026) og PS- 15/26 er parallelt handsama i NU.</p>	<p>Reguleringsplanen for FTU3 er ikkje relatert til Odd Holes dispensasjonssøknad eller planinitiativet for fritidsbustader på gnr.30 bnr.1. Reguleringsprosessen vil gå vidare.</p>